

Partilovnemnda
v/leiar Ørnulf Røhnebæk
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Postboks 14
6801 Førde

Kontaktpersonar:
Turid Digernes Eikås
Tlf. 57 72 32 33

Sylvi Hjelmeland Lone
Tlf. 57 72 32 52
E-post: politiskeparti@fmsf.no

Aust-Agder Venstre og Vest-Agder Venstre
v/fylkessekretær Jan Kløvstad
Kongens gate 34
4608 Kristiansand

Førde, 14. mai 2010
Vår ref:

Formalitetar om samanslåing av politiske fylkeslag – Venstre på Agder

Vi viser til udatert brev motteke 21. desember 2009 med ei rekke spørsmål om moglege konsekvensar for partistøtta om Venstre i dei to Agder-fylka slår seg saman.

Det følgjer av brevet at Jan Kløvstad, som er fylkessekretær for både Aust- og Vest-Agder Venstre, har gjort fleire framstøyt mot Kommunaldepartementet og det to fylkeskommunane (skal vel helst vere fylkesmennene?) for å få svar på dei same spørsmåla. Han vart etterkvart beden om å ta kontakt med Partilovnemnda.

Tolkingsfråsegner frå Partilovnemnda

Det følgjer av partilova § 24 andre ledd bokstav a at Partilovnemnda bl.a. har til oppgåve å ”tolke det aktuelle regelverket”. Konkret inneber det at nemnda kan kome med tolkingsfråsegner som vil vere retningsgjevande for fylkesmennenes praktisering av partistøttereglane. For meir om nemndas rolle som tolkar av regelverket, viser vi til ./. vedlagt tolkingsfråsegn i sak 5-06 ”Spørsmål om lovanvendelsen i Rundskriv nr. 1 – partistøtte”, datert 22. juni 2006.

Utgangspunkt

Ved eit fyrste blikk på partilova synest det klårt at lovgjevaren berre har sett for seg at statsstøtte etter kapittel 3 kan gå til partiorganisasjonar og organisasjonsledd som samsvarer med dei tre folkevalde nivåa som har i Noreg i dag: Primærkommune, jf. § 13, fylkeskommune, jf. § 12, og Storting, jf. § 11. Lova har ikkje noko system for statstøtte

til partilag som begge dekkjer ein del av ein kommune og heller ikkje noko system for eventuelle regionale organisasjonsledd.

Ein eventuell samanslåing av Venstre i Aust-Agder og Venstre i Vest-Agder til eit "Agder Venstre" vil vel innebere at Venstre på Sørlandet får eit regionalt nivå. Spørsmålet er om den statsstøtta som i dag går til dei to fylkeslaga ved ein samanslåing kan gå til det nye regionpartiet, eller om lova er til hinder for dette.

Frå eit reint økonomisk synspunkt kan ikkje nemnda sjå at det burde vere noko i vegen for at statstøtta kan halde fram som i dag også etter ein "fusjon". Totalt vil ikkje det samla Agder Venstre få meir i statstøtte enn summen av det som elles ville gått til kvar av fylkespartia. Men før nemnda trekkjer nokon konklusjon, er det naudsynt med ein gjennomgang av dei relevante rettskjeldene.

Ordlyd og forarbeid

Partilova § 12 har overskrifta "Statlig tilskudd til politiske partiers organisasjoner og ungdomsorganisasjoner i fylkene". Fyrste ledd fyrste og andre punktum har slik ordlyd:

En fylkesorganisasjon for et parti kan søke om støtte. Støtten ytes som stemmestøtte og grunnstøtte.

For å få eit meir komplett bilet, tek vi og med § 12 andre ledd:

Stemmestøtte ytes som et likt kronebeløp per stemme oppnådd i fylket ved siste fylkestingsvalg. Grunnstøtte ytes som et likt kronebeløp til partier som ved siste fylkestingsvalg mottok minst 4 % av stemmene i fylket eller som fikk innvalgt minst én representant i fylkestinget. Av den samlede støtte fordeles 9/10 som stemmestøtte og 1/10 som grunnstøtte.

Om ein ser på ordlyden åleine, må det vere temmeleg klårt at det kravet på statsstøtte som vert utløyst av at eit parti som fyller vilkåra i kapittel 2 (eit parti registret i Partiregisteret) får røyster ved eit fylkestingsval, skal gå til fylkesorganisasjonen for dette partiet.

Formelt heiter det i fyrste ledd fyrste punktum at fylkesorganisasjonen "kan søke om støtte", men det reelle innhaldet er jo ikkje at fylkesleddet har rett til på søke, men at fylkesleddet har krav på støtte når vilkåra elles er oppfylt.

Ein konsekvens av at den statsstøtta som vert utløyst av at partiet får røyster, skal gå til fylkesorganisasjonen for partiet, er eit implisitt krav om at partiet faktisk har ein fylkesorganisasjon. Ein kan tenkje seg at eit parti stiller liste ved valet og får røyster, men at partiet ikkje klarer å etablere eller halde ved like ein fylkesorganisasjon. Da har ikkje partiet, til tross for at det har fått røyster, krav på partistøtte.

At dette ikkje er heilt upraktisk, følgjer og av Partilovnemndas brev til Fornyings- og administrasjonsdepartementet 11. januar 2007, der spørsmålet var om eit partilag som ikkje hadde sendt inn søknad om partistøtte fyrste året etter eit val likevel kunne gjere det året etter. Nemnda sa då:

Basert på dette må svaret på spørsmål 1 være at partilag som ikke søkte om støtte for 2006 likevel kan söke om støtte for 2007.

Også praktiske grunner taler for at det bør bli løsningen:

Det er et grunnvilkår for støtte at søkeren er ”en fylkesorganisasjon av et parti”, en ”fylkesungdomsorganisasjon” eller ”en kommuneorganisasjon for et parti”, jf. § 12 første og tredje ledd og § 13 første ledd. Slike organisasjoner kan komme og gå innenfor en valgperiode. Det kan hende at et partilag stiller liste til kommunevalget, men så går i opplosning like etter, f.eks. på grunn av dårlig resultat. Det foreligger derfor ikke noe partilag – noen kommuneorganisasjon av partiet – i januar året etter, og ingen søknad om støtte blir derfor sendt. Men dette kan endre seg innenfor valgperioden, f.eks. slik at organisasjonen oppstår på høsten året før neste valg. Da må det kunne sökes om støtte i alle fall for valgåret, basert på stemmetallene 3 år tidligere.

At dette ikke er helt upraktisk, synes også å følge av det som sies av Arne Sandnes hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i e-post til FAD, inntatt i FADs e-post til nemnda: ”Her i fylket er det nok nokre kommuneparti som ikkje har søkt og som vi må rekne med ønskjer å sökje i 2007”.

Heile brevet ligg og på <http://www.partilovnemnda.no/enkel.aspx?m=51933>, sjå sak ”Søknadsfrist – tilskot til politiske parti”.

Kravet om fylkesorganisasjon for å få støtte etter § 12 følgjer klårt av særmerknadene til paragrafen i forarbeida til lova, jf. Ot.prp. nr. 84 (2004-05) side 79 (understrekinga er gjort her):

Bestemmelsen regulerer statsstøtte som utbetales til registrerte partiers organisasjonsledd på fylkesnivå. Reglene står i dag i retningslinjene, P-650 romertall II 3 og III. Bestemmelsen viderefører kravet om at det må være opprettet en fylkesorganisasjon for å kunne motta støtte.

Det er nemndas klåre oppfatning at eit eventuelt ”Agder Venstre” ikkje vil vere ein fylkesorganisasjon. Etter ordlyden og særlege etter dette sitatet frå forarbeida, vil det ikkje vere mogleg å utbetale partistøtte til Aust-Agder Venstre og Vest-Agder Venstre om det ikkje finst eit fylkesvenstrelag i kvart av Agderfylka.

Reelle omsyn

Det er likevel ikkje ukjent innanfor jussen at ein ved særlege høve kan sette seg utover både ordlyd og forarbeid om sterke reelle omsyn talar eintydig for eit anna resultat.

Nemnda har allereie peika på at ein samanslåing av dei to fylkeslaga ikkje vil utløyse større samla økonomisk støtte til Venstre i Agder enn det dei får kvar for seg.

Nemnda ser likevel eit reelt omsyn for å halda seg til ordlyd og forarbeid: Når reglane om partistøtte krev at det finst ein partiorganisasjon på det aktuelle forvaltningsnivået, heng dette saman med at partistøtta ikkje er meint som premiering for eit valresultat, men fordi eksisterande partilag treng støtte til sitt daglege arbeid. Storleiken på støtta er berre knytt til siste valresultat fordi dette gir ein rettvis fordeling, ikkje fordi valet i seg sjølv er det einaste viktige partia gjer.

Dette kjem klårt fram i forarbeidet der departementet grunngir kvifor uregistrerte lister eller grupper ikkje får partistøtte, jf. Ot.prp. nr. 84 (2004-05) side 24:

Departementet er enig med utvalgets flertall i at begrunnelsen og bakgrunnen for den statlige tilskuddsordningen, er at partiene er tillagt ansvaret for visse kjerneoppgaver som er en viktig forutsetning for den demokratiske styreformen. Videre, at slike oppgaver best løses innenfor permanente, stabile politiske organisasjoner som arbeider langsiktig - hver for seg på grunnlag en felles visjon, ideologi eller et felles verdigrunnlag for å utvikle samfunnet. Departementet vil med dette ikke undervurdere det viktige bidraget som uregistrerte lister eller grupper tilfører det norske demokratiet bl.a ved å bidra til mangfold i den politiske debatten, herunder sette fokus på viktige enkeltsaker - og ikke minst gjennom arbeid i kommunestyrer og fylkesting. Etter departementets vurdering bør den statlige støtten fordeles slik at den gir størst mulig samfunnsmessig gevinst. Etter vurderingen vil dette skje når støtten gis til organisasjoner som antas å utføre flest mulig av de aktuelle kjerneoppgavene på en effektiv måte. Slik departementet ser det, vil stabile og helhetlige partiorganisasjoner med et mer eller mindre etablert organisasjonsapparat og et noe større geografisk nedslagsfelt i denne sammenhengen klart peke seg ut.

Det kan vere mange grunnar til at to eller fleire kommuneparti eller to eller fleire fylkespartilag slår seg saman. Ein grunn kan vere at partiet meiner dei aktuelle kommunane eller dei aktuelle fylka burde vore slått saman og at partiet difor vil syne at det går i føreveg. Ein annen grunn kan vere at partiet er så lite at det har vanskar med å halde opp ein reelle organisasjon i kvar kommune eller kvart fylke. Om partistøttereglane vert tolka slik at fusjoner ikkje skal ha konsekvensar for partistøtta, ligg det difor føre ein risiko for at det vert gitt støtte der det ikkje reelt finst lokalt partiarbeid.

Dette kan illustrerast med eit eksempel: Partiet X kan ha stilt lister i nabokommunane Nord-A og Sør-A, og fått 50 røyster i Nord og 100 i Sør. I Nord har partiet berre nokre få medlemmer men ikkje nok aktive folk til å halde eit partilag i live. I Sør er det aktivt partilag. Før ein eventuell fusjon får ein difor berre statsstøtte i Sør, for 100 røyster. Om ein så godtek at det vert eit felles partilag for X i begge A-kommunane, vil ein få

partistøtte for 150 røyster. Og det vil vere situasjonen sjølv om realiteten er at den nye partiorganisasjonen berre har aktive medlemmer frå Sør.

Konklusjon

Det er ikkje mogleg for det apparatet som skal berekne og utbetale partistøtte å ta skjønnsmessig stilling til om ein partifusjon på tvers av kommune- eller fylkesgrenser er av det eine eller andre slaget. Partilovnemnda kan difor ikkje sjå det annleis enn at ein må halde fast ved det kravet som følgjer av ordlyden og forarbeid: Det er eit vilkår for partistøtte at det finnест ein partiorganisasjon i kommunen eller fylket, og denne organisasjonen kan ikkje dekkje meir den ein kommune eller eit fylke.

Av dette følgjer at Vest-Agder Venstre og Aust-Agder Venstre, to partiorganisasjonar som i dag har krav på partistøtte, vil miste dette om dei slår seg sammen til eit "Agder Venstre".

Ei samrøystes nemnd står bak denne fråsegna, som vart handsama under nemndas møte 10. mai 2010, med alle fem medlemmer til stades.

For Partilovnemnda



Ørnulf Røhnebæk
nemndleiar

Kopi:

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, Postboks 8004 Dep, 0030 Oslo